# Etiske retningslinjer for karriererettleiing

Dei etiske retningslinjene uttrykker kva som er god etisk praksis. Retningslinjene kan gi støtte i etisk utfordrande situasjonar og bidra til at karriererettleiinga er etisk forsvarleg.



## Kompetanse

**Når eg gir karriererettleiing**

1. gjer eg det på eit oppdatert og kunnskapsbasert karrierefagleg grunnlag
2. handterer eg saker eg har kompetanse og mandat til. Eg erkjenner den faglege avgrensinga mi, og opplyser vegsøkjaren om andre relevante instansar og tenester
3. brukar eg metodar og innfallsvinklar som er tilpassa vegsøkjaren sin situasjon og moglegheiter



## Relasjon og samarbeid

**I relasjon og samarbeid med vegsøkjaren**

4. respekterer eg vegsøkjaren sitt eigenverd og likeverd
5. viser eg interesse for bakgrunnen, nosituasjonen og framtida til vegsøkjaren
6. viser eg audmjukskap, og tek utgangspunkt i vegsøkjaren si forståing av eigen situasjon og moglegheiter
7. er eg merksam på den makta som ligg i rolla mi, og gjer mitt beste for å forvalte ho til fordel for vegsøkjaren og prosessen vi er i saman
8. følger eg teieplikta og andre vedtak om personvern



## Refleksjon

**Eg reflekterer over min eigen praksis ved å**

9. vere medviten om kva som er verdigrunnlaget og målet for karriererettleiinga
10. ha eit medvite forhold til mine eigne haldningar og korleis dei kan påverke utøvinga mi av karriererettleiing
11. ha eit kritisk blikk på min eigen kompetanse, og kontinuerleg vurdere behovet for kompetanseheving
12. vere medviten om rammene for fagutøving, og utfordre desse rammene viss det er nødvendig